



Voss 06.07.10

[Postmottak@kd.dep.no](mailto:Postmottak@kd.dep.no)

### **Høyringsuttale:**

#### ***”Nytt finansieringssystem for ikkje-kommunale barnehagar i ein rammefinansiert sektor”***

Bordalen barnehage meiner det i hovudsak er to punkt i Departementet sitt forslag til nytt finansieringssystem som gjer det uholdbart for private barnehagar:

#### **1. Forskrift om likeverdig behandling**

Regjeringa sitt forslag er ein trussel mot 100 % reell likebehandling, som vart vedteke av Stortinget i juni 2009.

Fire punkt i forslaget ser me som særleg problematiske for private barnehagar:

- ***”Kommunale barnehager med særskilt høye kostnader til ordinære drift kan holdes utenfor tilskuddsgrunnlaget”*** (§ 2d)

Slike unntak bidreg ikkje til effektiv penge og ressursforbruk, og må unngåast. Skal der vera slike unntak må det gjelde private og kommunale barnehagar. Der må òg vera klare presiseringar og kriterie til kva som kan sjås på som ”særskilt høge kostnader”. Forslaget vil ellers verke mot sin hensikt, som er likebehandling.

- ***”Satsene (tilskudd til kapital) skal fastsettes i tilknytning til kommunens årsbudsjett ut fra gjennomsnittlige kapitalkostnader i tilsvarende kommunale barnehager”***

Dette vil ramme dei mange private barnehagar som er etablert i løpet av dei 5 siste åra, og som har bidrege til barnehageutbygginga. Dei vil få store økonomiske utfordringar, i alle fall i overgangsperioden når kapitaltilskudd reknast ut frå gjennomsnitt.

- ***”Kommuner der regnskapene over en treårsperiode viser at kostnadene til ordinær drift i de kommunale barnehagene er vesentlig større bevilgningene i årsbudsjettene, må øke tilskuddgrunnlaget til de ikke-kommunale barnehagene tilsvarende”***

Me kan ikkje akseptera eit forslag der kommunane år etter år kan overskri budsjettet, og tjene på det. Det er høgst urimeleg at det skal gå ut over born, tilsette, og foreldre i private barnehagar.

Kommunane må påleggjast å etterberekne likebehandlinga kvart år når endeleg rekneskap er klar.

- ***Barnehageeier som i løpet av året mottar høyere tilskudd enn den har krav på, må enten tilbakebetale et tilsvarende beløp eller få trukket fra beløpet ved senere eller års utbetaling av tilskudd.”*** (§11)

Denne reguleringa er uproblematisk så lenge barnehagen sin eigar har gjeve feil opplysningar. Viss derimot kommunen har gjort feil, gir bestemmelsen klart dårlegare vern enn det forvaltningslova gjev i dag. Kommunen skal ha kompetanse nok til handtere det finansieringsansvaret dei får, og ikkje måtte beskyttast mot eigne feil. Forvaltningslova må gjelde kommunen òg.

#### **2. Ny §14a om uttak av verdiar med tilhøyrande forskrift**

Me meiner det er rimeleg med ein form for regulering av utbyte i ein sektor som har så høg andel offentleg finansiering. Den offentlege subsidieringa av barnehageplassar fell inn under regelverket for statsstøtte, regulert gjennom EU lovgjevinga. Den som ytt statsstøtte pliktar å sjå til at eventuell overkompensasjon vert tilbakebetalt.

Me meiner forslaget til nytt regelverk er vesentleg strengare enn statsstøtteregelverket i EU, og vil gjere det uinteressant å investere i bransjen. Dette vil få konsekvensar for utbygging, nyttenking og innovasjon.



Eit nytt regelverk må knytast opp mot EU lovgjevinga.

Me meiner det er avgjerande for born, foreldre, tilsette, eigarar og samfunnet ellers, at drifta av barnehagar er effektiv og at verdiane der vert ivaretekne på ein best mogeleg måte. Dette for å sikre utvikling, mangfald og kvalitet, og forsatt tilfredsheit med sektoren.

Me meiner og at forslag om ny §14a om uttak av verdiar i sektoren vil ha motsatt effekt. Det vert lagt opp til at det vil lønne seg å bruke opp alle midla år for år. Det vil vera kostnadsdrivande og hindre konkurranse.

Forslaget om at kommunane kan kreve tilbake barnehagen sine verdiar ved opphøyr eller sal, vil få djuptgåande negative konsekvensar for heile sektoren. Den vil råke alle typar barnehagar. Me ser forslaget som veldig radikalt, og brot på grunnleggjande rettsreglar.

Konsekvensar av ny §14a med forskrift:

- \* kvaliteten i sektoren vil bli vanskeleg å oppretthalde
- \* systemet vil verka kostnadsdrivande
- \* reguleringa vil medføre uheldige tilpasningar
- \* konkurransen i bransjen vert svekka.

Me stiller spørsmål ved ein m.a. desse punkta ved Departementet sitt forslag:

- \* FORUTSIGBARHEIT - vil dette gje den forutsigbarheita ein treng for å kunne drive ein barnehage? Her må vera tydelege rammer for datoar for utbetaling, utrekningsmetodar o.s.v.
- \* Kvifor skal kommunane kunne omgå Forvaltningslova?
- \* Kompetanse: har kommunane kompetanse til å drifte desse midla? Kor blir det i så fall av kontrollordninga av kommunane?

Det var våre synspunkt på forslaget til ny § 14a.

Med helsing for Bordalen barnehage,

.....  
Ragnhild Hauge Helland  
SU- leiar

.....  
Marianne Gjerald  
Dagleg leiar